

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 13.01.16
Sakshandsamar: Ingebjørg Kismul
Saka gjeld: Høyrings svar frå 10.12.15 – 11.01.16

Styresak 03/16 O

Administrerende direktør si orientering notat 4
1 vedlegg

Styremøte 29.01.16

DATO FOR BREV	SAKA GJELD	HØYRINGSFRIST
Helsedir 15/4173	Ekstern høring – utkast til Nasjonal faglig retningslinje for palliativ behandling til barn og unge uavhengig diagnose	Høringsfrist Via Helse Vest 10.01.16
HOD 15/3598	Høyring – forslag til endringar i psykisk helsevernloven – kontroll for å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, farlege gjenstander og rømmingshjelpemiddel	Høringsfrist 08.01.16
Fylkesmannen i Rogaland 15/3790	Regional planstrategi for Rogaland 2017-2020	Høringsfrist 05.01.16

Trur ikkje denne blei sjekka inn...

Vennleg helsing

Haldis Johanne Økland Lier

Fagdirektør

/ 95828763

Helse Fonna HF

www.helse-fonna.no

Fra: Lier, Haldis Johanne Økland

Sendt: 6. januar 2016 10:31

Til: 'Rogaland fylkeskommune'

Emne: IS: Høring - regional planstrategi for Rogaland 2017-2020

Sakstittel: Høring - regional planstrategi for Rogaland 2017-2020

Saksnummer: 2015/3790

Saksdato: 28.10.2015

Høring - regional planstrategi for Rogaland 2017-2020

Regional planstrategi har vore til høyring i organisasjonen. Det er ikkje komme innspel. Me har ein kommentar knytt til kapittelet om innovasjon. Her saknar ein eit større fokus på samanhengen mellom prioriterte område i innovasjonsstrategien og korleis ein vil handtere dei store folkehelseutfordringane som kjem til å møte oss i kommande år.

Vennleg helsing

Haldis Økland Lier,

haldis.johanne.ockland.lier@helse-fonna.no

05253

Helse Fonna HF

Fag og foretaksutvikling

Helse Vest RHF
Att. Carina Paulsen Mæland
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Dykkar ref: 2015/2227 Vår ref: 2015/3598- Kenneth Eikeset, tlf 52732700 Haugesund,
- 36351/2015 14.12.2015
12489/2015

Høring - forslag til endringer i psykisk helsevernloven

Viser til dykkar brev av 15.10.2015, kor de ber om tilbakemelding på forslag til endringer i psykisk helsevernloven.

Helse Fonna støttar hovudkonklusjonen i høyringa som opnar opp for endringer i psykisk helsevernloven der endringsforslaga mellom anna gjev høve til ransaking i psykisk helsevern utan å fatte vedtak på førehand. For å sikre pasientar og tilsette sin tryggleik er det nødvendig å kunne ransake pasientar ved innkomst og etter permisjonar ved lukka sjukehuspostar. Dette er eit tiltak få pasientar reagerer på, og dei aller fleste har forståing for tiltaket. Me trur at pasientane i mindre grad vil *oppleve* at spesialisthelsetenesta bruker tvang overfor dei med eit slikt tiltak.

Ved å gjennomføre kontroll/kroppsvisitering som rutine viser me ei haldning om at ein ikkje kan foreine medikament/rusmiddel med behandling. Kroppsvisitering vil minske faren for å ta inn farlege gjenstandar. Me må likevel ikkje tru at slik kontroll hindrar alt.

Ordninga i dag der ein må fatte vedtak, vert av mange pasientar opplevd som krenkande. Samstundes er vurderinga forskjellig frå dei einskilde vedtaksansvarlege. Vidare har vi hatt gjentatte situasjonar der pasientar som det ikkje er grunnlag for å fatte vedtak om ransaking og beslag overfor, har hatt med seg inn skadelege gjenstandar som andre pasientar i neste omgang har tatt og nytta seg av.

Like fullt ser Helse Fonna HF det ikkje som formålstenleg å innføre denne endringa for døgnpostar på DPS. Dette er postar som er opne og der pasientane har fri utgang. Det er rapportert om svært få episodar der pasientar har tatt med seg farlege gjenstandar eller rusmidlar inn i DPS-postar, og der det har vore behov for å fatte vedtak om ransaking og beslag.

Helse Fonna HF

Sakstittel: Høring - retningslinjer Barnepalliasjon
Saksnummer: 2015/4173
Saksdato: 01.12.2015

Høring - retningslinje Barnepalliasjon

Helse Fonna sine innspel til felles høringuttale for retningslinjer Barnepalliasjon er å finne i vedlagte dokument.

Vennleg helsing

Haldis Lier,
haldis.johanne.oekland.lier@helse-fonna.no
05253

Helse Fonna HF
Fag og føretaksutvikling